

Kunngjering av årsmøte

i



Vi vonar at vi får arrangere fysisk årsmøte i år. Det er planlagt å gjennomføre på Kaia i Dale, torsdag 07.04.22 frå kl. 18.00 - ca. 21.00. Dersom det blir restriksjonar att, kan årsmøtet bli digitalt.

Det blir servert middag i forlenginga av møtet.

Du kan melde deg på via nettstaden vår, eller til tillitsvalde på arbeidsplassen. Frist for påmelding er 23.03.22

FØREBELS SAKSLISTE:

- Sak 1: Åpning og konstituering
- Sak 2: Årsmeldingar
- Sak 3: Rekneskap
- Sak 4: Handlingsplan for komande år
- Sak 5: Budsjett
- Sak 6: Saker
- Sak 7: Valg
- Sak 8: Resolusjonar

Årsmøtepapir vert sende ut, som vedtektene seier, seinast 14 dager før møtet, 24.mars.

Påmelding til årsmøtet via nettstaden eller til tillitsvalde/lokallagsleiar.

Årsmøtet er ope for alle, men dersom du vil vere med på middag, er det viktig å melde seg på møtet innan fristen. Dette med utgangspunkt i at middagsservering kan gjennomførast etter gjeldande reglar.

Send inn saker og resolusjonar

Lokallagsstyret i Fjaler ynskjer å arbeide for å få eit årsmøte prega av saker som blir melde inn frå klubber og medlem. Vi ynskjer at de nyttar årsmøtet som ein arena der saker som opptek dykk kan løftast, og føre til spanande og interessante diskusjonar på årsmøtet.

For at lokallagsstyret skal kunne behandle sakene, er frist for innsending av saker sett til 09.03. Bruk gjerne vedlagt skjema.

Kandidater til lokallagsstyret

Valnemnda er i gang med arbeidet. Dei tek gjerne imot innspel til gode kandidatar. Hugs å snakke med kandidatar de vil tipse om på førehand. På val i år er leiar, to styremedlem og tre varamedlem.

Frist for å melde inn kandidatar til valnemnda er 09.03.2022.

Vedlegg :

- Førebels innkalling
- Mal for innsending av saker